



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Unn Jenny Utne Kvam / 55516243	Vår referanse: 16/63544-2	Dykkar referanse: 16/8004	Vår dato: 11.05.2016
------------------------------------	---	------------------------------	------------------------------	-------------------------

### Klage – dispensasjon frå kommuneplan – frådeling – gnr. 5 bnr. 7 – Fløksand – Meland kommune

Vi viser til melding om vedtak om dispensasjon, motteken 22.04.2016.

#### Statens vegvesen klagar med dette på dispensasjonsvedtaket.

##### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om frådeling av to parsellar til bustadtomter i eit område som er vist som område for landbruk, natur og friluftsføremål (LNF) i kommuneplanens arealdel.

##### Uttale frå Statens vegvesen

Statens vegvesen uttala seg til dispensasjonssaka i brev datert 27.08.2015. Vegvesenet uttala seg kritisk til etablering av nye bustader i område som ikkje er planlagt for dette formålet. Slik bustadetablering kan vere problematisk når det gjeld mellom anna vegtilbod til mjuke trafikantar, trygg skuleveg, tilbod om kollektivtrafikk og generell vegstandard. I uttalen opplyste vi om at det ikkje kan påreknast løyve til avkøyrslø langs fylkesvegen her. Vi framheva at vegstandarden forbi området per i dag ikkje legg til rette for ny bustadutbygging. Utbetring av fv 564 frå Fløksand til Vikebø, inkludert gang- og sykkelveg, er prioritert som prosjekt nr 4 i framlegget til Nordhordlandspakken. Det er uklart når eit slikt utbetra veganlegg vil stå ferdig. Ny bustadetablering her bør ikkje skje før trafikktryggleiken for mjuke trafikantar er betre ivareteken langs fylkesvegen. Avslutningsvis gav vi råd om at trafikktryggleik for mjuke trafikantar bør inngå som ein del av kommunen si vurdering i dispensasjonssaka. Vurderinga bør særleg legge vekt på omsynet til born, eldre og brukarar av kollektivtransport.

##### Tidlegare vedtak og klage

Kommunen v/ administrasjonen gav avslag på søknad 23.02.2016. Søkjar klaga på vedtaket. Klagen vart mellom anna grunngjeven med at kommunen ikkje hadde vurdert dei positive

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

sidene ved frådelingane, så som gode buplassar og fortetting av bustadområde som gir god samfunnsøkonomisk utnytting av infrastruktur og areal.

Kommunen v/ Utval for drift og utvikling handsama klagen, og fatta vedtak om dispensasjon i møte 19.04.2016. Utvalet grunngav vedtaket med at *dei positive verknadane for søkjar er langt større enn mogelege negative verknader for samfunnet og fellesskapet.*

#### Grunngjeving for Statens vegvesens klage

Statens vegvesen vurderer at vilkår for dispensasjon ikkje er til stades i denne saka. Etter vårt syn er ikkje fordelane med å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering (lovvilkår nr. 2).

Utval for drift og utvikling grunngav dispensasjonsvedtaket med at dei positive verknadane for søkjar er langt større enn mogelege negative verknader for samfunnet og fellesskapet. Kommuneadministrasjonen skriv i si saksutgreiing at personlege tilhøve og fordelar som er avgrensa til eigar, brukar eller ein annan mindre personkrets berre unntaksvis vil kunne vektleggast i vurderinga etter lovvilkår nr. 2. Vi kan ikkje sjå at dette er ei sak av slik karakter at positive verknader for søkjar kan gje grunnlag for dispensasjon.

Det er i hovudsak samfunnsmessige omsyn og dei allmenne interessene av planfagleg og arealdisponeringsmessig karakter som skal tilleggast vekt. Når det gjeld slike eventuelle fordeler i denne saka, viser søkjar i sin klage til gode buplassar og fortetting av bustadområde som gir god samfunnsøkonomisk utnytting av infrastruktur og areal. Statens vegvesen deler ikkje søkjar sine vurderingar knytt til dette. Det overordna vegnettet knytt til dei to omsøkte parsellane representerer ikkje ein infrastruktur som er eigna for ny bustadutbygging. Trafikktryggleik og tilrettelegging for gåing, sykling og kollektivtransport på reiser til skule, arbeid, fritidsaktivitetar m.m. er ein sentral del av planlegginga av eit godt bumiljø. Fylkesvegen sin standard i dag, utan eige vegtilbod for mjuke trafikantar, inneber at områda med tilknytning til vegen ikkje er eigna som fortettingsområde. Fortetting må skje med kvalitet. Dette området har ikkje tilstrekkeleg kvalitet med omsyn til trafikktryggleik for ny bustadutbygging.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Olav Finne  
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Kopi

Asle Fløysand, Fløksand 74, 5918 FREKHAUG

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Terje Fløysand, Fløksand 76, 5918 FREKHAUG

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*